



## INNHALD

Ordføraren .....	2
Fjaler formannskap.....	3
Fjaler kommunestyre 2011–2015 .....	4
Politikarintervju .....	6
Klippe, klippe.....	8
Nytt bibliotek.....	10
Rusettervernet .....	15
Nye volontørar i Dale .....	17
PreForm - kunstproduksjon i Fjaler .....	18
Dale skyttarlag .....	20
Val til nemnder og utval .....	22
SUM informerer .....	25
Mot jul, romjul og nyttår .....	27

## Magnus i løypa



*Liten og stor har godt av ein tur ut og særleg når det vankar ein liten rosinpakke! No er merkinga av turløypene godt i gang i Dale og dei sig innpå nabobygdene som har hatt fleire løyper merka i mange år. Det er ikkje alle som bur i Fjaler som veit kor stien startar, så eit godt turkart er svært etterlengta.*

**Du kan lese meir om turløypene på side 16**



## Ungdom på veg

*Ung og nyvald! Kva ventar oss i Ungdommens kommunestyre? Kven vil vere ordførar? Les meir om Valgerd, Jordan og Sturle og valresultatet i Fjaler kommune i dette nummeret av Brua.*

**Side 4/5 og 13**

## ORDFØRAREN HAR ORDET



Ordførar  
ARVE HELLE

Tlf. 57 73 80 52  
Mobil 917 37 562

Epost:  
arve.helle@fjaler.kommune.no

ORDFØRAREN  
er å treffe i skranken  
på sørviskontoret første  
onsdag kvar mnd.  
kl. 08.30-11.30

## Gode fjalerbuar!

### Takk for tilliten!

Kommunevalet er vel overstått og som attvald ordførar vil eg få takke for tilliten som vart vist meg.

Eg er topp motivert for å stå på for Fjaler-samfunnet dei kommande fire åra, og eg lovar å gjere mitt beste for å bidra til ei positiv utvikling i kommunen.

Eg vil også i denne perioden legge vekt på å vere mest mogleg tilgjengeleg for innbygarane. På denne sida finn de både e-post og telefonnummer. De er også velkomne på kontoret for å diskutere små og store utfordringar, men ta gjerne kontakt og avtal tid på førehand sidan eg er ein del vekke frå kontoret.

Eg vil også halde fram med å sitte i skranken på sørviskontoret mellom 08.30 og 11.30 første onsdagen i kvar månad. Ver i alle fall ikkje redd for å ta kontakt dersom de har ting på hjartet!

### Politisk aktive ungdommar

Sidan sist har vi fått AUF-lag i Fjaler. Det er svært gledeleg at ungdommen engasjerer seg politisk, og eg ser fram til friske og kreative innspel frå dei unge når vi skal forme framtida i Fjaler.

Eg håpar også andre ungdommar følgjer opp og at vi snart har fleire

politiske ungdomsorganisasjonar i kommunen. Engasjerte ungdommar er eit kjempepluss for ein kvar kommune!

### Dalsfjord-utbygginga gadt synleg

Med kontor på Fjalerhuset vert ein dagleg minna om at vi no er godt i gong med det største samferdsleprosjektet nokon gong i HAFS-regionen. Svære heisekranar og stor aktivitet både på Nishammaren og Ottersteinen pregar utsikta til mange i Dale for tida. Betre utsikt kan ein vel knapt ha...

Det er særst gledeleg å registrere at prosjektet også gir positive ringverknadar til det lokale næringslivet no i anleggsfasen. Det er kjekt for ein ordførar å sjå betongbilane til Mathias Øen gå i skytteltrafikk, anleggsarbeidarar gåande på veg ut til «brakkebyen» på Øyra med handleposar frå Kiwi og Coop, og så vidare.

Dalsfjordsambandet betyr mykje for næringslivet vårt alt no, men med godt samarbeid mellom offentlege og private krefter, skal vi sørge for at ringverknadane vert enno større for Fjalersamfunnet når brua står ferdig om to år!

Arve Helle

### ANSVARLEG REDAKTØR:

Rådgjevar Marit Hammer, tlf. 57 73 80 56. E-post: marit.hammer@fjaler.kommune.no

### REDAKSJON:

Ingeborg Tysnes, tlf. 57 73 80 44. E-post: ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no

Kårhild Hustveit, tlf. 57 73 80 08. E-post: kaarhild.hustveit@fjaler.kommune.no

Margrete Reisæter, tlf. 57 73 80 20. E-post: frivilligsentralen@fjaler.kommune.no

Redaksjon avslutta 15.11.2011.

Utgåver 2011: April - juli - november. Opplag: 1300

Informasjonsbladet BRUA er gratis og vert fulldistribuert til alle husstandar i Fjaler og til utflytte fjalerbuar etter nærare avtale.

Ta kontakt med sørviskontoret, tlf. 57 73 80 00.



Rådmannsstaben. F.v. Annikken Myklebust, Ingvald Flekke, Ola Hovland og Marit Hammer.

# Fjaler formannskap 2011–2015

Kommunestyret har vedteke følgjande samansetjing for kommande valperiode:

## Mandatfordeling

Fellesliste Arbeiderpartiet, Kristeleg folkeparti  
og Sosialistisk venstreparti ..... 4 repr.  
Høgre ..... 1 repr.  
Senterpartiet ..... 1 repr.  
Venstre ..... 1 repr.

## Følgjande er valde:

### Fellesliste Arbeiderpartiet, Kristeleg folkeparti og Sosialistisk venstreparti:

#### Representantar:

1. Arve Helle
2. Anette Traa
3. Nina Yndestad
4. Hans Stav

#### Vararepresentantar:

1. Roald Standnes
2. Katrine Vesterås
3. Harald Vik
4. Anita Nyland Skaar
5. Kjetil Fristad
6. Magnus Løvik
7. Arild Yndestad
8. Svein Arne Ness

### Høgre:

#### Representantar:

1. Marita Solheim

#### Vararepresentantar:

1. Odd Helge Aase
2. Kåre Eimind

### Senterpartiet:

#### Representant:

1. Kjetil Felde

#### Vararepresentantar:

1. Hege Vossseteig Brattelid
2. Kjartan Åsnes
3. Frank Vik

### Venstre:

#### Representant:

1. Marit Mjøllem

#### Vararepresentantar:

1. Høgne Kvangarsnes
2. Johnny Haugsbakk

## FJALER KOMMUNE



Fjaler kommune  
Postboks 54,  
6961 Dale i Sunnfjord  
Tlf. 57 73 80 00  
Faks 57 73 80 01

Besøksadresse: Sørviskontoret,  
Fjalerhuset i Dale

E-post:  
post@fjaler.kommune.no

Nettside:  
www.fjaler.kommune.no

Teknisk vakt:  
tlf. 951 83 515

NAV Fjaler:  
tlf. 55 55 33 33  
kl. 09.00 – 15.00 / heile året

Arbeidstid i Fjalerhuset/  
på Helsetunet:  
I tida 15. sept. til 14. mai: kl.  
08.00 – 15.45  
I tida 15. mai til 14. sept.: kl.  
08.00 – 15.00

LEGEKONTOR:  
tlf. 57 73 81 80

## WEB-TV FRÅ FJALER KOMMUNE

Det starta som ein eksperimenteringskanal for Fjaler kommune og del av eit prosjekt finansiert av fornyingsmidlar. I første omgang er kommunestyremøte og valdebatt kringkasta. Her kan du følgje med utan å vere til stades i salen. Prøv!

Du finn alle sendingane på <http://www.ustream.tv/channel/fjaler-kommune>  
Overføringane blir truleg permanente.

PÅ SØRVISKONTORET/  
ved biblioteket vil du finne kopi  
av sakspapir og møteprotokoll  
frå formannskapet og  
kommunestyret.  
Kommunale planar og  
offentlege høyringsutkast  
finn du også her.

Sjå også [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no)

## Fjaler kommunestyre 2011–2015



**01 Arve Helle, AP**  
ordfører, f. 1971



**02 Sigrid Anette Traa, AP**  
næringskonsulent, f. 1974



**03 Nina Beate Yndestad, AP**  
sjukepleiar/sjølvtendig  
næringsdrivande, f. 1977



**04 Harald Vik, AP**  
sjåfør, f. 1955



**05 Arild Yndestad, AP**  
bonde/tømrrar, f. 1967



**06 Kjetil Fristad, AP**  
elektrikar, f. 1973



**07 Roald Standnes, AP**  
bilfaglærer, f. 1965



**08 Geir Magne Tessem, AP**  
avdelingsleiar, f. 1950



**09 Magnus Harald Løvik, AP**  
miljøarbeidar, f. 1950



**10 Svein Arne Ness, AP**  
driftsarbeidar/  
elektroreparatør, f. 1962



**11 Katrine Vesterås, AP**  
skuleelev, f. 1993



**01 Anita Nyland Skaar, SV**  
lærer, f. 1966



**01 Kjetil Felde, SP**  
mottaksordinator,  
f. 1971



**02 Hege Vosseteig  
Brattelid, SP**  
sjukepleiar, f. 1979



**03 Kjartan Åsnes, SP**  
bonde, f. 1969



**04 Frank Vik, SP**  
sjåfør, f. 1980



01 **Hans Stav, KRF**  
lærer, f. 1946



01 **Hogne Kvangarsnes, V**  
lærer, f. 1955



02 **Johnny Ivar  
Haugsbakk, V**  
adm. direktør, f. 1969



03 **Marit Mjellem, V**  
sjukepleiar, f. 1961



01 **Marita Solheim, H**  
dagleg leiar, f. 1967



02 **Odd Helge Aase, H**  
bankfunksjonær, f. 1965



03 **Kåre Ove Eimind, H**  
dagleg leiar, f. 1956



## VARAMEDLEMER

### **Arbeidarpartiet**

- 01 Tore Loneland
- 02 Sissel M Vagstad
- 03 Therese Lone
- 04 Leif Jarle Espedal
- 05 Jostein Vagstad
- 06 Kjartan Leirpoll
- 07 Svein- Martin Stenseth
- 08 Arthur Boge
- 09 Solveig Menes Standnes
- 10 Bjørg Jorunn Hellebust
- 11 Kjellrun Anna Myklebust

### **Sosialistisk Venstreparti**

- 01 Erling Jostein Hjelle
- 02 Viljar Hansen Losnegård
- 03 Christopher Hamper
- 04 Jenny Kjosnes

### **Senterpartiet**

- 01 Jens Norvald Sagevik
- 02 Hugo Fretland
- 03 Magne Norddal
- 04 Ida Ravnøy
- 05 Egil Furenes
- 06 Roald Einar Furset
- 07 Evelyn Åsnes

### **Kristleg Folkeparti**

- 01 Terje Roald Halsnes
- 02 Leiv Arne Nistad
- 03 Stig Nerum Moltumyr
- 04 Joy Elizabeth Taylor

### **Venstre**

- 01 Arne Osland
- 02 Johanna Vlugt Erstad
- 03 Laila Svorstøl
- 04 Gudmund Solheim
- 05 Yngve Åsnes

### **Høgre**

- 01 Leif Roald Skår
- 02 Sverre-Benjamin Gallefoss
- 03 Eivind Antonisen
- 04 Ole- Jørgen Skaar
- 05 Øyvind Olai Lindelid
- 06 Anny-Mari Solheim

## Arild Yndestad - AP, frå Guddal

Arild er ny i kommunestyret. Å få med seg opplæring før det ordinære kommunestyret tok til, ser han på som verdifullt. – Det var greitt å få med seg. No veit eg meir om bakgrunnen og forstår kvifor ting vert gjort som det vert gjort, seier han. Arild er open for nye oppgåver og forventningane er ikkje så store. No i starten er han i opplæringsfasen og må sjå meir kva det går i.

*Er det nokre saker du brenn spesielt for?*

– Det må vere samferdsle. Vegane er oftast dårlege og til dømes har vegen frå Guddal til Gaular ikkje fast dekke og den er ikkje sikra. Vi må leggje

trykk på så vi ikkje gløymer korkje den eller dei andre vegane.

*Andre saker?*

– Næringspolitikk er interessant. Elles går det over heile linja, eg har ikkje bestemte ambisjonar. Eg stilte på lista og er open for det meste.

*Korleis er det å kombinere politikk og jobb?*

– Det går fint. Eg sit jo berre i kommunestyret, så det er ein gong i månaden. Så kjem det medlemsmøte i tillegg. Nei, det er ikkje noko problem. Eg er bonde og driv eige tømrarfirma sidan eg slutta som lærar på Dale vgs for eit års tid sidan. Ein polsk arbeidar har eg også med meg.



## Katrine Vesterås - AP, frå Våge



Skulelev ved Dale vgs/almennfagleg påbygging og som tenkjer at ho «ein gong i framtida nok ender opp i helsesektoren».

– Eg ser fram til 4 år i kommunestyret, men det vert mange utfordringar og mykje nytt stoff å sette seg inn i. Læringskurva vert bratt. Det seier den yngste folkevalde i Fjaler nokon gong, Katrine, nettopp ferdig med to dagar opplæring i lag med det nye kommunestyret i Fjaler. – KS var flinke til å forklare på eit nivå eg forsto. Vi lærde om systemet og korleis det fungerer. Lover og reglement er tungt, men vert nyttig når ein kan prøve det på eksempel. Eg hadde forventa to vanskelege dagar, men det har gått fint, seier jenta som sa ja til stå på AP-lista og tenkte at det var det. Men når det først gjekk som det gjekk, er det ikkje mangel på engasjement.

– Vi startar opp AUF i Fjaler no. Nina (Yndestad), Sandra (Høgheim Bratteid) og eg har teke initiativet til å få det i gong. Vi har spurt folk direkte om å vere med, nokre har vore litt skeptiske og andre berre positive. Eit mellombels styre sit fram til årsmøtet i desember. Fokuset til AUF vil vere å rekruttere fleire medlemmar fram mot årsmøtet. Det er viktig at ungdom får ein kanal og får fronte sine saker tidlegast mogleg. Vi treng mangfald og vi treng å få ungdom på bana.

*Er det nokre saker du brenn spesielt for?*

- Ja, bortsett frå ungdomsdeltaking, så er eg oppteken av skulestrukturen i Fjaler. Eg brenn for barne- og ungdomskulen på Våge og for å behalde Dale vidaregåande skule.

*Andre saker?*

- Kollektivtilbodet må bli betre, spesielt i distrikta. Og vi må ha best mogeleg tilbod til eldre og til utviklingshemma. Dei skal ha det godt og tilfredsstillande.

## Kjartan Åsnes - SP, frå Straumsnes

– Etter opplæringa vi hadde med KS og rådmannen, kjenner eg meg klar til å vere med i politikken. Det var interessant og nyttig, ikkje berre for oss nye trur eg, men og for dei som har vore med før. No veit eg meir kva det dreiar seg om. Det fortel Kjartan som er bonde på heiltid og driv SMOK (Straumsnes mjølk og kjøt) i lag med to andre gardbrukarar. Då får han fri annakvar helg og har organisert ferie og fritid. Det er han svært nøgd med.

*Det går greitt å kombinere arbeid og politikk?*

– Så lenge møta ikkje startar så tidleg, så går det bra. Då må eg berre opp veldig tidleg, men det ikkje så ofte.

*Kva vil du kjempe for i lokalpolitikken?*

– Vi er jo i opposisjon, så vi har ikkje så stor påverknad. Men vi skal vere konstruktive og sjå det frå ein annan vinkel. Og så er det stor semje i Fjaler-politikken. Men det er viktig å diskutere seg fram til ei avgjerd og sjå det frå ein annan vinkel.



*Kva er du mest oppteken av?*

– Det må vere landbruks-/næringspolitikk, at det skjer ting. Vi må bruke naturen og bevare gjennom bruk.

*På Straumsnes er det ikkje lenger skule, ikkje butikk og heller ikkje skifabrikk?*

– Det går fint, folk bur her og jobbar andre stader og folk byggjer. Vi har Matglede, grendahuset og Straumsnes Bygg for å nemne noko, og så er det fint her! Ja, eg er vel litt patriotisk!

## Fjaler kommune røykfri frå 1. oktober i år!

På siste møtet før sommarferien gjorde kommunestyret, sak 49/11, vedtak om at Fjaler kommune som arbeidsplass og eigar/leigar av bygningar skal vere røykfri. Reglane tok til å gjelde 1. oktober:

- Tilsette har ikkje høve til å røyke i arbeidstida
- Kommunalt eigde og faste leigde lokale skal vere røykfrie
- Forbodet mot røyking gjeld heile døgnet for kommunen sine eigedommar. Alle kommunale bygg skal vere røykfrie rundt inngangsparti, ventilasjonsvifter, andre dører osv. Forbodet omfattar som hovudregel ikkje kommunale utleigebustadar
- Tilsette har ikkje høve til å røyke i kommunale bilar og maskiner
- Det vert i 1. omgang ikkje laga reglar for tilsette som bryt forbodet. Leiingar skal ha ei samtale med den det gjeld
- Leigetakarar som bryt forbodet får etter ei åtvaring, og neste gongs brot ikkje høve til å leige/låne kommunale bygg i eitt år
- Pasientar ved sjukeheimen kan røyke på tilvist plass.
- Det vert tilbud om gratis røykestoppkurs i 2011.

### PERSONALNYTT



Rikard Engelsen.

- Monica Louise Berg, Bergen, er tilsett som sjukepleiar i arbeidslag 5 frå 01.07.12
- Rikard Engelsen, Sande, er tilsett som rettleiar i NAV Fjaler
- Heidi Tafte, Hellevik, er tilsett som helsesekretær ved Fjaler legekantar
- Gunn Høyvik har fått auka opp stillinga si i Bio til 70%
- Heidi Myklebust har fått auka opp stillinga si i BIO til ca. 70%
- Kari Janne Gåsemyr har fått auka opp stillinga si i BIO til 75%
- Aud Marit Havlandsdal har fått auka opp stillinga si i BIO til ca 68%
- Linda Renate Myklebust er tilsett i 30% stilling i Bio
- Janne Øksenberg er tilsett i funksjon som ressursjukepleiar i BIO lag 1.

## KLIPPE, KLIPPE....

Om du ønskjer å lese meir om dei ulike sakene, finn du dei på kommunen sine heimesider [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no): Lokalstyre - Møtekalender og saks-papir - ved å velje formannskapet eller kommunestyret frå møtekalenderen.

**ODD-ARNE OSLAND**

har fått løyve til å byggje 550 m ny landbruksveg kl 7, Svartefossvegen, på gbnr 121/3. Det knyter seg visse vilkår til vedtaket. Løyvet fell bort dersom ikkje arbeidet er ferdig innan 31.06.14. Vedtaket er gjort av leiar for Landbruksforvaltninga.

**TROND MAGNE ØVERÅS,**

Flekke, har fått løyve av landbrukssjefen til å planere om lag 0,8 daa ravinelandskap på gbnr 105/2.

**TROND-OLE HÅLAND**

Dale, har, på nærare fastsette vilkår, fått løyve av landbrukssjefen til å planere eit areal ned mot Storelva på Håland på gbnr 75/7.

**HENNY OG ARTHUR BOGE,**

Flekke, har fått løyve av landbrukssjefen til å planere om lag 1 daa full-dyrka jord på gbnr 101/1.

**VEG FRÅ LUTELANDET TIL LAMMETUNVEGEN**

Kommunestyret har godkjent oppstart av planarbeid for ny veg. Administrasjonen skal utarbeide planprogram og leggje det ut til offentleg ettersyn.

**TV-AKSJONEN 2011**

Kommunestyret peika ut varaordføraren som leiar av kommunekomiteen for TV-aksjonen 2011 til inntekt for Norsk Folkehjelp. Anne Marie Lone-land frå administrasjonen vart samti-dig vald som sekretær. Kommune-styret løyvde 4 000 til aksjonen.

**FORVALTNINGSPLAN FOR****VASSREGION SØGN OG FJORDANE**

Formannskapet har sendt høringsfrå-segn til fylkeskommunen til planprogram 2010–2015. Vil du lese meir – sjå formannskapssak 76/11 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no) eller kontakt sørviskontoret.

**REGULERINGSPLAN FOR FURSET**

Det faste utvalet for plansaker (formannskapet) har godkjent oppstart av detaljregulering for Furset, gbnr 235/7. Det må takast omsyn til vurderingane i saka i det vidare planarbeidet.

**BESTAND- OG AVSKYTINGSPANAR 2011–2013**

Landbrukssjefen har godkjent planar for dei ulike valda – med tal løyve for planperioden og nærare vilkår for uttak. Fjorden storvald ..... 78 dyr  
Vassdalen storvald ..... 324 dyr  
Flekke og Jarstad storvald .... 200 dyr  
Hellevik storvald ..... 570 dyr  
Hovland og Espedal storvald 138 dyr  
Vestre Fjaler storvald ..... 333 dyr  
Nedre Guddal storvald ..... 381 dyr  
Straumsnes storvald ..... 273 dyr

**FJALER HJORTEUTVAL**

har fått kr 91 000 i driftsstøtte frå viltfondet for 2011. Viltfondet dekkar driftsstøtte på kr 9 000 til storvalda og kr 10 000 til hjorteutvalet. Vedtaket er gjort av landbrukssjefen.

**BJARTE MYKLEBUST,**

Hatledalen, Dale, har fått konsesjon for overtaking av gbnr 88/5 for ein kjøpesum på kr 2 060 000. Han er pålagt 5 års buplikt rekna frå 30.06.12 og driveplikt i samsvar med jordlova.

**FJALER FISK & SPORTSFISKARLAG**

har fått løyving inntil kr 35 000 frå viltfondet til utdanning av instruktørar og blodspordommar samt dekking av utgifter til naudsynt materiell. Vedtaket er gjort av landbrukssjefen. Det knyter seg visse føresetnader til vedtaket, som gjeld til 01.09.14.

**HJORTEVALD YNDESTAD 2**

har, på nærare vilkår, fått tildelt 8 fellingsløyve for 2011.

**BIOFORSK VEST FURENESET**

har fått ei løyving på inntil kr 10 000 frå viltfondet. Løyvinga skal nyttast til å prøve ut og kalibrere ein takseringsmetodikk for berekning av avlingstap på innmark som følge av beiteskade frå hjort. Det knyter seg visse føresetnader til vedtaket, som gjeld til 30.11.12.

**KONSESJON FOR OVERTAKING****AV DEL AV GBNR 75/3 HÅLAND**

Overdragar: Målfrid Hauge, 6963 Dale  
Kjøpar: Arne Mortensbakke, 6963 Dale  
Landbrukssjefen har, med heimel i jordlova § 12, gjeve løyve til frådelling av ca 45 daa på gnr. 75, bnr 3 i Fjaler. Det fråskilde arealet skal nyttast som tilleggsjord til gnr 91, bnr. 2.

Landbrukssjefen har gjeve Arne Mortensbakke konsesjon på overtaking av eit ca 45 daa areal, frådelt gnr 75, bnr. 3, for ein kjøpesum på kr 45.000, på følgjande vilkår:

Det omsøkte arealet skal drivast saman med søkjaren sin eksisterande eigedom, gnr. 91, bnr. 2 som ei driftseining.

**RANDI ENGEN,**

Guddal, har fått løyve etter plan- og bygningslova og dispensasjon frå kommuneplanen til frådelling av fritidstomt på gbnr 132/1. Kjøpar er Inge Kalstad.

**BIRGITTA HAGENLUND OG EINAR PETERSEN,** Dale, har søkt kommunen om å få kjøpe den gamle postkaia på Tross med tilgrensande mindre areal. Formannskapet av slo søknaden. Hovudgrunnen er at kommunen ser det som viktig å ha full eigedoms- og råderett over eit viktig kulturminne som postkaia representerer. Derimot fekk søkarane mellom-bels løyve i inntil 5 år til å ha liggjande ei flytekai festa til postkaia. Kommunen kan krevje anlegget fjerna før 5 år er gått, dersom planar eller utbygging gjer det nødvendig.

**LØYVING TIL BREIBAND**

Formannskapet har løyvt kr 40 000 til utbetring av breiband i ytre Fjaler.



**REGULERINGSPLAN FURENESET**

Formannskapet har avslått søknad om oppstart av privat reguleringsplan for Fureneset, gbnr 235/15. Ei eventuell regulering av område til hytter må avklarast i kommuneplanen.

**REGULERINGSPLAN PÅ FURSET**

Formannskapet har avslått søknad om oppstart av privat reguleringsplan for Furset, gbnr 235/6. Ei eventuell utviding av eksisterande hyttefelt må avklarast i kommuneplanen.

**VURDERINGAR AV RAS/RASFARE**

Som ein konsekvens av ekstremver og generell fokus på naturskade og ras-sikring, er det gjort ei rekkje ras-vurderingar i Fjaler:

- under Flekke byggjefelt
- Fargarreset–Demma i Hatledalen, Dale
- klatrefelt ved UWC, Haugland
- over UWC-internata og kommunal veg, Haugland
- etter ras i Smefjellet (bak Firda Billag), Dale
- Stien (gamle bossplassen)
- Einehaugs-vegen

Formannskapet vart orientert til møtet 20.09.11, sak 93/11. Sjå [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no) for fleire detaljar.

**NORVALD KAPSTAD,**

Dale, har fått løyve etter plan- og bygningslova til frådelling av tomt til bustad frå gbnr 65/2.

**PRODUKSJONSTILSKOT I JORDBRUKET**

Tal godkjende søknader pr 31.07.11 var 122. Det var ingen avslag.

**STØTTE TIL FELLINGSLAG FOR STORE ROVDYR**

Kommunen har avslått å gje støtte til drift og kompetanseoppbygging til fellingslag for store rovdyr. Årsaka til avslaget er at kommunen meiner dette bør vere ein del av den statlege rovdyrforvaltninga.

**VEG OVER KOMMUNAL GRUNN I HATLEDALEN, DALE**

Etter ny søknad har Torsetvegens

Veglag fått løyve til å leggje veg over kommunal eigedom på gbnr 63/18 på slike vilkår:

- Næraste vegkant må plasserast minst 12 m frå bakkant av dagens høgdebasseng, i heile høgdebassenget si breidde.
- Evetuelle skader som skjer med høgdebasseng/behandlingsanlegg under anleggsarbeidet, må byggherren ta ansvar for
- Før arbeidet vert sett i gang, må det vere gitt byggeløyve etter plan- og bygningslova.

**JONN HELLE,**

Dale, har fått dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen til bygging av hytte på eksisterande hyttetomt gbnr 79/13 på Steiestølen. Grunn-gjevinga for vedtaket er at dispensasjonen ikkje vil medføre ulemper for allmenne interesser når det gjeld friluftsliv, naturmiljø eller landskap. Det er også gjeve dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen til bygging av veg og bru fram til tomta.

**SALSØYVE VED OVERDRAGING AV VERKSEMD – O.A. SKAAR/JOKER GRYTØYRA**

O.A. Skaar/Joker Grytøyra har fått løyve til sal av alkoholhalding drikke med inntil 4,75 volumprosent for perioden 01.09.11 – 30.06.12.

Salstida blir slik som for resten av kommunen: K1 0800 – 2000 på vanlege kvardagar og 0800 – 1800 på dagar før søn- og helgedagar. For butikkar med kortare opningstid er salstida lik opningstida. Det skal vere tydelege skilje mellom alkoholhaldige og alkoholfrie drikke, og merking som tydeleggjer dette for kundane.

**REGULERINGSPLAN LUTELANDET ENERGIPARK (VINDMØLLEPARK). VEDTAK AV PLAN – ENDRINGAR ETTER KLAGEHANDSAMING**

Kommunestyret har vedteke reguleringsplan datert 17.10.11.

Vedtaket omfattar følgjande endringar av reguleringsplan for Lutelandet Energipark vedteken 09.11.09, sak K 123/09:

Illustrasjonsline/punkt for mogelege turbinposisjonar, kranoppstillingsplass og illustrasjonsline veg vert teke ut av plankartet.

Punkt 5.1 og 5.2 i føresegnene vert tatt vekk.

Kulturminne og ei sone rundt på 50 meter vert innarbeidd i kartet som spesialområde bevaring – kulturminne i sjø.

Nytt punkt 7.6 i føresegnene med følgjande tekst: Spesialområde bevaring – kulturminne i sjø: Område omfattar det verna skipsvraket D/S Havda (Askeladden ID 89265) og ei sone på 50 meter på kvar side av kulturminne. Det er forbod mot oppankring og eventuelle andre aktivitetar som kan medføre inngrep i sjøbotn

**TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN FOR FJALER**

Kommunestyret har vedteke rullering av tiltaksplan 2011. Sjå planen på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no), sak 88/11.

**REGULERINGSPLAN KJØSNESET, GBNR 24/12**

Kommunestyret har vedteke reguleringsplan med nærare opplista endringar av plankart og reguleringsføresegner. Sjå [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no), kommunestyresak 51/11, om du vil lese meir.

**UTVIDING AV SUNDET I KORSSUND**

Kommunestyret har løyvt kr 250 000 frå disposisjonsfondet til Korssund Gjestehamn til utdjupeing av sundet i Korssund.

**LØYVING TIL 3G-NETT PÅ GUDDAL**

Kommunestyret har løyvt inntil kr 300 000 frå disposisjonsfondet i eigenandel til utbygging av 3G-nett på Guddal. Gjennomføring av tiltaket føreset at prosjektet blir tilført min. 40 % statlege midlar.

**FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT**

UWC har fått fritak for eigedomsskatt for kulturhuset (Høegsenteret) og kantine-auditorium-bygget. Fritaket gjeld for 2011 og 2012.

## «Nytt» bibliotek - her kan du sjå foto frå biblioteket

Fjaler folkebibliotek hadde ein fin-fin opningsfest for det opp-pussa hovudbiblioteket torsdag 13. oktober. Har du ikkje sett korleis det er blitt, må du ta turen innom i Fjalerhuset! Her er det nytt golvbelegg og nytt interiør, det er lyst og fint! Med bokhyller på hjul, så dei kan skubbast vekk når ein har bokkveldar og liknande og har bruk for stolar. Etter fire veker med stengde dører var det kjekt å sjå korleis det var blitt. Til opninga var både ordførar Arve Helle og forfattaren Arnfinn Kolerud inviterte og over 40 store og små var på plass då bibliotekar Mette Rysjedal, glad og stolt, kunne ynskje velkommen.



Stolt bibliotekar



Arnfinn Kolerud fekk blomster av Mette



Volontør Davit får opplæring av Mette.

Forfattar Arnfinn Kolerud som bur i Måløy, har skrive både barne- og ungdomsbøker, og kom i 2010 ut med romanen «Når ein først skal skyte nokon». Han fortalde innhaldsrikt og underhaldande om ei bygd i nordvest som framleis klamrar seg til nynorsken, medan resten av landet held seg til bokmål og engelsk. Tenk om vi kunne få fleire slike forfattarkvelder!



Aud Gjermundstad er ein tur på det nye biblioteket



*Mange kjekke tidsskrift å lese.*



*Den nye barnekroken.*



*Stolane ventar berre på deg!*

**FJALER FOLKEBIBLIOTEK  
- OPNINGSTIDER OG KONTAKT**

Hovudbiblioteket i Dale, Fjalerhuset  
Tlf. 57 73 80 17  
Biblioteksjef Mette Rysjedal

Opningstider:  
Tysdag og fredag kl 10.00 – 15.30  
Torsdag kl 13.00 – 19.00

Straumsnes filial i grendahuset  
v/ Hjørdis Åsnes  
Tlf. 57 73 51 13  
Onsdag kl 15.00 – 18.00

Guddal filial i grendahuset  
v/ Lilly Ødemark  
Tlf. 57 73 88 40  
Onsdag 13.00 – 16.00

Søk på: [asp.bibits.no/fjaler-fb](http://asp.bibits.no/fjaler-fb)

[www.fjaler.kommune.no/biblioteket](http://www.fjaler.kommune.no/biblioteket)  
Facebook > Fjaler folkebibliotek



## Hospitering på Dale vidaregåande frå HAFS og Gaular

Dale vidaregåande skule hadde i veke 43 og 44 besøk frå 10. klassane i HAFS-regionen og Gaular. HAFS-elevane var der i 3 dagar på eitt utdanningsprogram og 1 dag på andrevalet sitt. Slik fekk dei i løpet av veka eit godt innblikk i vidaregåande opplæring både med omsyn til struktur, fag og miljø.

I veke 43 hadde dei besøk av 63 elevar frå Askvoll skule, Hyllestad skule og Våge skule. Torsdag kom i tillegg 20 elevar frå Sande skule.

I veke 44 kom Bulandet skule, Fjaler ungdomskule, Eivindvik skule, Brekke skule og Solund ungdomsskule, samla 72 elevar, og Viksdalen skule med 2 elevar. Av desse budde 42 ungdommar hjå vertsfamiliar i Dale og Flekke.

I tillegg til det faglege la dei inn informasjon frå elevråd, Fjaler kommune som vertskommune, Havyard og Lutelandet.

**Dale vgs har tlf 57 73 82 00**  
**www.dale.vgs.no**



*Ordførar Arve Helle og kultursjef Ingeborg Opdøl Tysnes ynskter elevane velkomne til Fjaler dei neste åra og informerte om fritidstilboda.*

## Bustønad

*Bustønad er ei statleg økonomisk stønadsordning som skal medverke til å redusere buutgiftene for dei med låg inntekt.*

Alle over 18 år kan få bustønad. For studentar utan barn og personar i førstegongsteneste gjeld egne reglar då desse har andre ordningar for stønad til bustad. Du kan søkje bustønad til bustad du leiger eller eig. Ver merksam på at du må vere registrert som busett i Folkeregisteret i den bustaden du søkjer stønad til. Kor mykje bustønad du kan få, er avhengig av dei reelle buutgiftene dine og inntektene i husstanden, men det er sett ei nedre og ei øvre grense for kor mykje stønad du kan få.

### *Søknad og fristar*

Det er enkelt og ubyråkratisk å søkje om bustønad. Har du fått positivt vedtak om bustønad, treng du ikkje søkje

på nytt månaden etter. Søknadsfrist er 14. i kvar måned, og utbetaling er ca. 10. i månaden etter.

Kommunen og Husbanken samarbeider om ordninga. Kommunen v/NAV Fjaler tek i mot søknaden, registrerer den og har kontakten med deg, medan Husbanken fattar vedtak og utbetalar bustønaden.

Meir informasjon finn du på [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no), eller du kan kontakte NAV Fjaler.

### *Startlån*

Startlån er ei låneordning via Husbanken for deg som slit med å etablere deg på bustadmarknaden eller har vanskar med å bli buande i eigen bustad. Det er kommunane som gjer

vedtak om startlån til vanskelegstilte innbyggjarar.

Det er ein føresetnad at du har sjekka kva du kan få i lån i privat bank, før ev. søknad om startlån. Du må òg ha økonomi til å betene lånet. Meir informasjon - sjå [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no) eller kontakt Fjaler kommune v/NAV Fjaler.

### **NAV Fjaler har fått nytt telefonnummer**

*Frå oktober 2011 er NAV Fjaler sitt telefonnummer 55 55 33 33. Når du ringjer dette nummeret, kjem du til NAV Kontaktsenter, som kan svare på spørsmåla dine eller set deg vidare til din kontaktperson. Har du spørsmål om pensjon, får du spesialisert rettleiing ved å ringe 55 55 33 34.*

# Ungdommens kommunestyre i Fjaler for 2011/12



Ingrid og Kristoffer frå Fjaler ungdomskule.



Vemund og Sofie frå Våge skule.

Det er valt nye medlemar til  
Ungdommens kommunestyre i Fjaler for 2011/12.

Desse er :

- Vemund Holstad og Sofie Arstein frå Våge skule
- Ingrid Nedrebø og Kristoffer Birkeflet frå Fjaler ungdomskule
- Åse Rustad Kvisberg og Rikke Marie Aune Øksnes frå UWC
- Valgerd Arstein, Sturle Sandvik og Jordan Seneca frå Dale vgs

Saker og politikk som gjeld ungdom

Den 15. november konstituerte det nye Ungdommens kommunestyre (UK) seg. Rikke Marie Aune Øksnes som er elev ved UWC, vart vald til ordførar, Sturle Sandvik frå Dale vgs til varaordførar og Åse Rustad Kvisberg frå UWC til skrivar. UK vil ha møte ca ein gong i mnd. Dei vil ta opp saker som ungdom melder inn eller aktuelle politiske saker

som gjeld ungdom. Varaordførar Marita Solheim møter fast i UK og vil syte for meir og god kontakt mellom det ordinære kommunestyret og UK.

Første representasjon for Rikke vil vere den årlege førjulsappellen ved julegran-tenninga i Dale 1. søndag i advent!



Ordførar Rikke (Foto: Privat)



Valgerd, Jordan og Sturle frå Dale vgs.



Skrivar Åse (Foto: Privat).



Varaordførar Sturle.

KLIPPE, KLIPPE....

VASSOMRÅDE SUNNFJORD – ORGANISERING  
OG FINANSIERING AV PROSJEKT OG SAMAR-  
BEID MELLOM KOMMUNANE

Ny vassforskrift vart sett i verk 01.01.2007 der m.a. EU sitt vassdirektiv vert implementert i Norge. Forskrifta krev at alt vatn – frå brevatn til kystvatn (innsjø, elv, grunnvatn, fjordar og kystvatn ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja) skal ha god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021.

Vassregion Sogn og Fjordane er ein av 11 vassregionar i Norge, og vart etablert 01.01.2010.

Vassregionutvalet har vedteke å dele vassregionen inn i fire vassområde, Indre Sogn, Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord.

Vassområde Sunnfjord er sett saman av kommunane Flora, Naustdal, Førde, Jølster, Gaular, Fjaler og Askvoll. Det er også delar av vassdrag som høyrer til i dette vassområdet som strekkjer seg inn i kommunar (Bremanger, Gloppen, Hyllestad, Høyanger, Balestrand) som i hovudsak høyrer til i tilgrensande vassområde. Førde kommune er vertskommune for vassområdet.

Kommunestyret i Fjaler har slutta seg til prinsippa om samarbeid som gjeld organisering. Jan Ulltang er politisk vald representant frå Fjaler i vassregionutvalet. Nina Yndestad er vararepresentant.

Fleire detaljar finn du i kommunestyresak 52/11 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

HAMNESAMARBEID – YTRE SOGN  
OG SUNNFJORD HAMN

Omlegging av Lov om Hamner og Farvatn har ført til ny fordeling av ansvar/mynde mellom stat og kommune. I det gamle lovverket (før 01.01.2010) var det kun kommunar med eige hamnedistrikt som hadde forvaltningsansvar i eige sjøområde. I Sogn og Fjordane har vi hatt fem hamnedistrikt: Nordfjord Hamn, Bremanger Hamn, Flora Hamn, Aurland og Årdal. Nordfjord Hamn er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Vågsøy, Selje, Eid, Gloppen og Stryn. For kommunar utan hamnedistrikt har forvaltningsansvar etter lova vore ivaretatt av Kystverket.

I den nye lova er hamnedistrikta avvikla og forvaltningsansvaret tillagt kvar kommune. Ansvar for hovud- og bilei er fortsatt tillagt staten ved Kystverket. Kystverket har på sine nettsider ei kartteneste som syner hovud- og bilei for kvar kommune. I tillegg har Kystverket ansvar etter lova knytt til fylgjande saker: Akvakulturanlegg, kraftproduserande anlegg i sjø, røyrlidningar for olje og gass, bruer, luftspenn, tiltak som kryssar kommunegrensar samt andre tiltak som kan representere vesentlege hindringar eller

ulempe for alminneleg ferdsl.

Dette betyr at kommunane Naustdal, Førde, Gaular, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Gulen og Solund har fått nye oppgåver i samband med endringane i Lov om Hamner og Farvatn. Utgangspunktet for kommunen sitt forvaltningsansvar etter lova er:

- Sørge for at ferdsla i farvatnet ikkje vert hindra eller vanskeliggjort jf.§15
- Sjå til at hamneanlegg og lausøyre som vert brukt i hamneverksemd er i forsvarleg stand, jf.§ 40 tredje ledd
- Handsame søknadar om løyve etter Lov om Hamner og Farvatn, jf §27 første ledd

Kommunestyret i Fjaler har vedteke å delta i hamnesamarbeid med kommunane som er nemnde over - kalla Ytre Sogn og Sunnfjord hamn. Samarbeidet er organisert som eit såkalla § 27-samarbeid etter kommunelova, og det er Flora Hamn KF som er sekretariat og ansvarleg for operativ drift av samarbeidet. Dato for oppstart er 01.01.12.

Fjaler kommune har valt Gudmund Solheim som kommunen sin representant i hamnerådet med Norodd Lammetun som som vararepresentant.

Vil lese saksutgreiinga og selskapsavtalen – sjå kommunestyresak 53/11 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no).

## Julegåvetips!

Skofabrikken i Dale har vore ein viktig del av historia til mange som vaks opp i Fjaler og mange minne dukkar opp no når denne historia ser ut til å vera over. Fjaler kommune gav i 2002 ut boka Hundre år med «Kloggen» – skoproduksjon i Dale skriven av Atle Ness. Denne sel vi no ut til kr 200; - (har tidlegare kosta kr 260,-) på sørviskontoret i 1. høgda på Fjalerhuset, Dale tlf. 57 73 80 00.

Vi har også fleire andre lokalhistoriske bøker til ein god pris. Kom innom og sjå !

*God jul til alle folk i og frå Fjaler!*



# Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fjaler

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fjaler skal rullerast, og kommunestyret har valt ei styringsgruppe som skal lage framlegg til ny plan. Grappa tek med takk imot innspel ! Frist er sett til 5. desember.

Innspel til planen kan du sende elektronisk via Fjaler kommune si heimeside. Gå til Sjøvbetening i toppmenyen og vel «høyringsfråsegn». Du kan også sende innspel i vanleg brev til Fjaler kommune, Boks 54, 6961 Dale i Sunnfjord.

Ta gjerne utgangspunkt i gjeldande rusmiddelpolitisk handlingsplan, som du kan lese på kommunen si heimeside.

Styringsgruppa er samansett slik:

Katrine Vesterås, leiar

Hugo Fretland

Chris Hamper

Vara: Bente Liabø Thorsen

Ruskonsulent Nina Yndestad er sekretær for nemnda.

## RUSETTERVERNET

*RUSETTERVERNET I  
SOGN OG FJORDANE  
Fylkessekretær tlf. 948 34 493  
Styreleiar tlf. 415 07 533  
epost: post@rusettervernet.no  
heimeside:  
www.rusettervernet.no*

*Redningsvesten etterverngruppe  
i HAF5-kommunane for tidlegare  
rusmisbrukarar  
Kontakt Leif Roald Skår  
Tlf. 975 89 795  
Epost roa-skaa@online.no*

*Redningsplanken pårørandegruppe  
Kontakt Dagfrid Mågerud  
tlf. 906 92 667*

# Det gamle folkebadet



Det gamle folkebadet – som også er den gamle barneparken i Dale – vart bygt på slutten av 30-talet, men er populært å bruke den dag i dag!

Etterkvart har det vore mange bursdagsfeiringar her og ikkje minst lan. For deg som ikkje veit kva lan er, så er det ungdom, mest gitar som tek med

seg datamaskinene sine, koplar seg saman og spelar spel – heile døgnet om det så gjeld.

For å leige Badet, må du ta kontakt med Fjaler kommune, anten med Frivilligsentralen på Dale senter eller med sørviskontoret i Fjalerhuset. Her vert det laga ein avtale som du må rette deg etter og du får låne nøkkel. Det kostar 200 kr dagen og 250 kr døgnet. Er du under 18 år, må to vaksne/foreldre ha ansvaret for arrangementet. Du bør tinge i god tid og du må rydde, vaske og tømme

boss etter deg.

*Kontakt: Frivilligsentralen  
tlf. 57 73 80 20 / 995 48 767*



Familien på tur.

### 20 stiar i Fjaler – 100 i HAF5

Som tidlegare skildra i Brua er Fjaler med i Kystarv-prosjektet der kommunane Solund, Gulen, Hyllestad, Askvoll og Fjaler har plukka ut 20 stiar kvar som skal ryddast og merkast.

Det er kulturkontoret som jobbar med dette saman med Jonn Helle, som er innleigd til å arbeide med prosjektet. I tillegg er det ein enorm dugnadsinnsats frå turgruppene til Dale idrettslag, Svint idrettslag, Straumsnes grendelag, Hellevik idrettslag, Fure idrettslag og Guddal grendelag.

Vi i Fjaler har kome langt, og alle stiane er gått opp med GPS. I løpet av vinteren vert materialet sendt inn til kartprodusenten vår. Målet er at vi til våren har eit turkart med stiane frå Hyllestad og Fjaler innteikna.



Vilde på tur.



Bru ved Østenstad.

## Ut på tur!

Vinteren skal brukast til å lage informasjonstavler. Det skal vere ei tavle ved utgangspunktet for kvar sti, samt store informasjonstavler om stiane i nærområdet plassert i bygdene.

### Profilprosjekta

I Fjaler har vi også tre profilprosjekt som vi skal arbeide meir med.

I 2010 knytte Filosofgangen området Leitet - Tysse saman med ei rundløype som går via Fredensborg. Filosofgangen vart offisielt opna i september med nyskrivne vandretæater om historia til området. Stykket er skriva av Rolf Losnegård. Vi jobbar med å finne finansiering til å sette stykket opp igjen neste år sidan det var svært gode tilbakemeldingar på tiltaket.

I 2011 er det området Eina som står i fokus. Vi bygger vidare på det gode arbeidet som vart gjort av Fjaler helse- lag med folkestiane i området, og ynskjer å gjere området enno meir innbydande med betre stiar og ei grillhytte der ein kan ta pause.

I 2012 så står ein turveg langs Dalselva for tur. Ruta startar ved Vesle Daniel-støtta i Dale sentrum, går gjennom Tusenårsstaden/Klokkargarden til Steia, vidare over Jarstadbrua og nordover langs elva til området under Svehogen. Stien held fram langs vegen til Hagehola, bak Elvetun barnehage og vidare langs elva, over brua og tilbake til utgangspunktet ved Vesle Daniel. Dette blir ei løype på ca 3,5 kilometer som skal vere grusa slik at den kan vere til glede og nytte både for rullestolbrukarar og barnevogntrillarar! Planen er at store delar av turvegen skal lyssetast.



Lone ved postkassa.



Gamle tufter på Østenstad.



# DREAMLAND - spennande vanskeleg utfordrande lærerikt utviklande minnerikt

Ny haust og nye volontørar! Vi har no fire volontørprosjekt i Dale, men ein av volontørane har allereie reist tilbake til Italia, så vi vonar å få ein ny i staden for henne. For Camilla frå Italia var det ikkje slik ho hadde tenkt; det å komme til eit nytt land og ein ny kultur, medan for andre er det nettopp dette som er spennande og utfordrande. Det kan kjennast som ein draum som går i oppfylgning! Å vere EVS - volontør betyr at du kan tilbringe inntil eitt år heilt gratis i eit anna land. Reise til og frå vert betalt, du får dekkja kost og losji og får ein sum lomme pengar kvar månad. Du får tilbod om norskopplæring og du skal ha eit lærerikt prosjekt å jobbe i. Volontørtenesta er støtta av EU-kommisjonen gjennom Aktiv ungdom - programmet for ikkje-formell læring. Her fortel volontørane i Dale litt om seg sjølve og kva dei gjer på:



*Angelina Pez*

Angelina er den nye volontøren på Dale vgs. Ho kjem frå Kassel i Tyskland, er 19 år og var ferdig med vidaregående skule i vår. Ho fortel: - For fire år sidan var eg i Norge for første gong og vart veldig imponert over den vakre norske naturen. Sidan då har eg vore veldig interessert i norsk kultur og har allereie gått på språkkurs eit og eit halvt år i Tyskland. Difor bestemte eg meg for å tilbringe eit år her

som volontør og lære endå meir om Norge før eg startar på universitetet. Kva interesser har du elles? – Eg likar å spele piano, bake og gå på tur.

På Dale vgs hjelper Angelina til i kantina, på «Open skule» og i språktimar. I tillegg er ho på ungdomskulen og hjelper til i tysk og engelsk undervisning.



*Katarina Galbava*

- Hei! Eg er 24 år og kjem frå Slovakia, frå ein vakker by som heiter Martin og der er mange nordmenn som studerer :) Etter sosialstudiene mine, bestemte eg meg å tilbringe eit år i Norge. Eg likar natur, sykling, fotografiering, puslespel, lese bøker og ungar. Å få så mykje erfaring som mogeleg var det eg ville, og timeplanen min



Education and Culture DG

## 'Youth in Action' Programme

hjelper verkeleg til med det. Kva slags arbeid har du som volontør? - Eg hjelper til i Yksnebjør barnehage, i kantina på ungdomskulen og på Frivilligsentralen. Nokre ettermiddagar går eg på tur og er på disco med utviklingshemma. Eg hjelper til i barneteatergruppa i ungdomshuset og med mykje anna når nokon treng hjelp. Lærer du norsk? - Vi har tre timar i veka. Når eg har lært meir norsk, reknar eg med å gjere meir nytte for meg. Dale er ein utruleg kjekk plass med mange venlege folk. Det har vore mange hyggelege stunder berre på desse to månadane eg har vore her. Eg er veldig takksam for det og eg må sei «that my dream came true»? EVS i Dale er veldig bra! Vi ses! :o)

*Davit Asilbekyan*

- Eg kjem frå Armenia, er 25 år og budde i Norge i 2007 då eg jobba som frivillig for Østfold Røde Kors. Difor kan eg snakke litt norsk. Etter eit år i Norge, reiste eg tilbake til Armenia og fekk arbeid som forskar med vern av historiske monument. Eg har bachelorgrad i sosial-kulturelle studier og reiseliv.

I Fjaler kommune har han nok å gjere. Men kva gjer du? - Eg er på kontoret til Frivilligsentralen, i Flekke skule og barnehage, på biblioteket og kunstnarsenteret på Dalsåsen. Davit fortel også at han er interessert i å lage egne prosjekt lokalt og internasjonalt og vil difor gjerne møte lokal ungdom som har idèar dei kan diskutere.



Forprosjektet PreForm, støtta av Bulystsatsinga til Kommunal- og regionaldepartementet vert no vidareført som eit hovudprosjekt i Fjaler. Kommunal og regionaldepartementet gjev 1,8 millionar i støtte og fylkeskommunen gir ca. 1 million kroner. Gjennom denne satsinga ynskjer ein å vidareutvikle Fjaler som ein arena for kunstproduksjon. Ein ynskjer både å styrke dei institusjonane vi har, og å hjelpe dei aktørane som er i startgropa og som ynskjer å satse her. I desse dagar jobbar vi med å tilsette ein prosjektleiar. I vinter hadde vi besøk av Distriktssenteret, som ynskje å vita meir om PreForm. Dei har skrive artikkelen under:

## PreForm – kunstproduksjon i Fjaler

Av: Inga Marie Skavhaug og Idun A. Husabø, Distriktssenteret

Sunnfjordbygda Dale ønskjer å bli den viktigaste arenaen for kunstproduksjon utanfor byane. - Vi vil vere staden kunstprodusentane ikkje kan gå utanom, seier Ingrid Hansen i Fjaler kommune.

### Særeigne ressursar

Dale, ei tidlegare industribygd ved Dalsfjorden i Sunnfjord, er i ferd med å forsyne seg av ein lokal, fornybar ressurs – menneske med kompetanse innan kreative næringer. Til å vere ei litt avsidessliggjande vestlandsbygd med 1194 innbyggjarar, har Dale eit stort kreativt og internasjonalt miljø. To nyetableringar på nittitalet bidrog sterkt til dette særpreget. I 1995 opna den vidaregåande skulen Red Cross Nordic United World College med 200 elevar frå over 80 land i Flekke. I same periode kom Nordisk kunstnar-senter Dalsåsen (NKD), som i dag får støtte frå Det norske kulturdepartementet. Her kjem 20 samtidskunstnarar, designarar og arkitekter på bu- og arbeidsopphald kvart år. Eit nyare tilskot er Transplant, eit designsenter drive av Birgitta Ralston og Alexandre Bau. Det Paris-baserte paret fatta interesse for Dale som arbeidsstad etter eit opphald på NKD. Transplant står for utstillingar og arrangement der formgjevarar kjem saman for å dele og elte nye idear. Bygget rommar og eit «bibliotek» for innovative materiale. Denne dagen i mars er nordiske møbeldesignarar samla i det lyse lokalet for å mane fram visjonar av «fram-



Bak frå venstre Steingrimmur Eyfjord, Linda Hovland, Ingeborg Opdøl Tysnes, Ingrid Hansen, Liv Signe Navarsete, Arve Helle, Torkil Sandsund. Sitjande framme: Laufey Eliasdottir og Miram Prestøy Lie med barna Elias, Johannes og Astrid.

tidas stol».

Ralston & Bau si satsing i periferien har smitta. Designarane Dana og Jan Brauer vraka New York for å bu i Dale. Den tyske tekstilkunstnaren Karina Sigmund har etablert seg i Dale, det same har teaterregissørane Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie, som satsar på å byggje opp ein produksjonsarena for scenekunst.

### Treng infrastruktur

- Vi treng ikkje gå ut og marknadsføre oss, vi må i grunnen berre ta vare på avhopparane. Men då må vi ha infrastruktur til det, seier Ingrid Hansen. Ho har leia eit forprosjekt finansiert av Bulyst og Sogn og Fjordane fylkeskommune. «PreForm» er Fjaler kommune sin respons på tilflyttinga av

menneske som vil skape noko i Dale. Visjonære lokalpolitikarar ser at dei må leggje til rette for at fleire av dei kreative personane som kjem til Dale kan bli verande. Eit konkret mål er å skaffe hus og eit lokale der produksjon, særleg av scenekunst, kan finne stad.

Fleksible bustader og eigna øvingslokale er viktige føresetnader for å utvikle produksjonsmiljøet for scenekunst vidare. For å kunne øve inn større teaterproduksjonar, må ein ha eksklusiv tilgong på eit stort, søylefritt lokale over 6-8 veker. Skodespelarane må ha ein stad å bu. Til no har teaterproduksjonane nytta den nedlagde skulen på Straumsneset, medan skodespelarane er innkvarterte på den gamle sorenskrivargarden, Lillingstonheimen. Jakob Sande-tunet, med



*Nordisk kunstnarsenter Dalsåsen.*

våningshuset og den nyoppussa Løa, kan òg bli viktige.

- PreForm skal også jobbe med å binde saman dei ulike kulturinstitusjonane i kommunen, forklarar kulturleiar Ingeborg Tysnes.

Torkil Sandsund seier det finst dramatikarar som kan tenke seg å kome til Dale for å skrive, berre det finst ein stad å bu.

- Fleire seier gjerne «har de fasilitetane, så kjem vi».

Våren 2011 søkte Fjaler kommune om midlar til eit fleirårig hovudprosjekt finansiert av Bulyst-programmet. Eit viktig mål er at kommunen byggjer opp kompetanse på å hjelpe kunstnarar med å skaffe seg eit varig levebrød i Dale.

- Mange opplever støtteapparatet som ein jungel. Det å skrive ein god søknad er nesten eit eige fagfelt, seier Miriam Prestøy Lie.

#### *Eit preg av Dale*

Det er alt blitt laga teater for norske scenar i Dale, og to nye prosjekt er på trappene. Ingrid Hansen håpar det som blir skapt i Dale i framtida, vil bere preg av staden.

- Eg er oppteken av å gjenskape stemma frå bygda i kunsten. Det er ein veldig viktig del av dei produkta vi skal ha ut, at det kjem fram at dei stammar herifrå, seier ho.

Birgitta Ralston har og ein visjon om at kunst og design som blir til lokalt, skal gjere Dale kjent ute i verda.

- Dale er faktisk kjent langt utanfor landet alt no. Denne staden blir stadig visualisert, til dømes gjennom verka som blir til på Dalsåsen og stilte ut utanlands, seier ho. Draumen er at folk i framtida skal assosiere Dale med kunstproduksjon, på same måte som det finske knivmerket Fiskars blir assosiert med den vesle bygda Fiskari, der knivproduksjonen tok til.

- Slik tenker eg at Dale lett kan bli – at kommunen kan få eit tyngdepunkt, og at innbyggjarane kan bli involverte. Det hadde vore fantastisk om denne tankegangen blei forankra i kommunen.

#### *DISTRIKTSSENTERET*

*Distriktssenteret [Kompetansesenter for distriktsutvikling] arbeider hovudsakleg med å hente inn, systematisere og formidle kunnskap og erfaringar om lokale utviklingstiltak. Dei støttar og rettleiar lokale initiativ og aktørar i kommunane. Samstundes er dei også med på å styrkje og byggje opp under kompetansen til fylkeskommunane og andre aktørar som også er støttespelarar for lokal samfunnsutvikling.*

## KINO

### FJALER KINO

«Happy Feet 2» (3D)  
Am. animasjon. Dubba til norsk.  
Tillatt for alle.  
02.12. Norgespremiere  
04.12. og 06.12.  
Alle dagar kl 18:00

«Arme Ridderer» Norsk  
Action/Komedie. Alder 15 år.  
Basert på ei historie av  
Jon Nesbø.  
02.12. Norgespremiere  
04.12. og 06.12.  
Alle dagar kl. 20:00

«Immortals» (3D)  
Am. Action/Drama/Fantasy.  
15 år. 11.12. og 13.12.  
Begge dagar kl. 20:00

«Arthurs julegaverace» (3D)  
Am. Animasjon. 7 år.  
18.12. kl. 18:00

«Alvin og gjengen 3»  
Animasjon/Familiefilm/Komedie.  
7 år. Frå 2. juledag 26.12.  
kl. 18:00 fram til og med  
3. januar 2012

«Sherlock Holmes: A game of shadows» Action/Eventyr. 11 år.  
Frå 2. juledag 26.12. Kl. 20:00  
fram til og med 3. januar 2012

P5. Det kan bli små endringar i programmet. Følg med i Firda.

### BYGDEKINDEN PÅ GRYTØYRA

20.12.  
«Blåfjell 2 – Jakten på det magiske horn» (3D) Kl 18:00. Eventyr/familiefilm

«The Twilight Saga – Breaking Dawn – Part 1». Kl. 20:00.  
Drama/Fanatsy/ Romantikk.  
Alder 11 år.

[www.filmweb.no](http://www.filmweb.no)

Dale skyttarlag syter for aktivitet for barn og vaksne i aldersgruppa 10–100 år. Skyting er ein sport for alle uansett om du har høge sportslege ambisjonar, eller du ynskjer å halde vedlike skyteferdigheitene dine.

## Skyttarlaget i Dale

### Anlegg:

Den innandørs skytebana vår ligg i kjellaren på gamle Dingemoen skule i Dale. Etter storarta innsats hausten 2006 har skyteanlegget på Dingemoen 6 elektroniske skiver med skyteavstand 15 m. Vi har visning på stor-skjerm og koseleg opphaldsrom der ein kan lage kaffi og vaflar.

Hovudanlegget ligg i Stavsdalen i Flekke. Etter mangeårig innsats frå laget sine eldsjeler, er det her eit imponerende anlegg med elektroniske skiver på 100 og 200 meter. Her har vi eit skyttarhus og to standplassbygg. 100 m-grava vart ombygd sommaren 2009 og har kapasitet til 10 skiver. Standplassbygget er nedslite og treng oppgradering saman med skyttarhuset. I tillegg er det 10 skiver på 200 m, som er skyteavstand for laget seniorskyttarar. Uansett arena så vert det skote mot elektroniske skiver. Etter skyting får kvar enkelt ei utskrift av sine seriar.

I skyttarhuset har vi vising på stor-skjerm i koseleg opphaldsrom, kiosk og kontor. Det er og anledning til å skyte på 300 meter, men her skjer anvisninga og alt anna på gamlemåten.



Ei eldsjel, Arne Strand, i skyteanlegget.

### Treningstider:

I vinterhalvåret har vi 3 treningar i veka på miniatyrbana i kjellaren på gamle Dingemoen skule til desse tidspunkta:

- Måndag kl. 18.00
- Onsdag kl. 18.00, prioritert rekrutteringsskyttarar
- Fredag kl 18.00

I sommarhalvåret er vi på skytebana i Stavsdalen der den faste lagstreninga er

- Torsdag kl. 18.00

### Prisar for å bli med:

Det kostar i prinsippet ikkje noko å delta. Dei som skyt med kaliber 22 må betale 20 kr for ammunisjon ved kvar trening. Alt utstyr som våpen osv. vert lånt ut gratis.



Mange skot går med.



Elektroniske skyteskiver.



Vising på storskjerm.

**Medlemskap:**

Det vert ikkje stilt krav til medlemskap for å bli med å prøve, men etter nokre gonger er det påkravd. Medlemsgiroar kan ein få både på Dingemoen og på 100 m standplass i Stavsdalen.

- Pris for vaksen: 100 kr
- Pris for ungdom: 50 kr (opp til og med 17 år)

**Opplæring av nybegynnarar:**

Nedre aldersgrense for å bli med på våre treningar er i utgangspunktet 9–10 år. Dei som er under 10 år må ha fylgje med foreldre.

Kom gjerne for å prøve - vi garanterer at du er velkommen!

**Kontaktperson for Dale skyttarlag:**

Arne Strand tlf. 951 91 798.

Epost: strand.arne@online.no



*Martinius Lien*



*Knut Svardal Haugen.*

## Nytt vertskap på Lillingstonheimen

Nye glade driftarar av Lillingstonheimen frå 2012 er Siren Juliussen (28 år) og Arild Nordbø (32 år), begge opphavleg frå Askøy i Hordaland. Siren vil vere hovudansvarleg for drifta. Ho arbeider for tida for Sogn og Fjordane fylkeskommune med kontor på Leikanger, men gler seg storleg til å flytte til Fjaler på nyåret.

På Lillingstonheimen kjem Siren og Arild til å tilby overnatting, gruppeopphald, kajakkurs, guida padleturar og andre friluftaktivitetar, i tillegg til enkle kulturarrangement. Dei stiller seg svært opne for samarbeid med andre aktørar i området, det vere seg padleklubbar, bakstelag, kunst- og kulturorganisasjonar, skular m. fl.

Det nye vertskapet tykkjer Lillingstonheimen si plassering er eit fantastisk utgangspunkt for turar både til fjords og til fjells, men dei kjem også til å satse på å vidareføre og formidle den unike arkitektur-, kunst- og kulturhistoria som er ivaretatt i huset, hagen og parken.

Fram til ei reopning av heimen 17. mai 2012, vil Siren og Arild bruke tid på å utvikle konseptet sitt, samt vedlikehalde og oppgradere huset og hagen på Tysse.

*Siren Juliussen*



# Val til nemnder og utval 2011–2015

## Fast valnemnd

AP: Anette Traa  
 Vara: Nina Yndestad  
 H: Kåre Ove Eimind  
 Vara: Odd Helge Aase  
 V: Johnny Haugsbakk  
 Vara: Hogne Kvangarsnes  
 SP: Kjetil Felde  
 Vara: Hege Vosseteig Brattelid  
 SV: Anita Nyland Skaar  
 KRF: Hans Stav

Leiar: Anette Traa  
 Nestleiar: Kjetil Felde

## Klagenemnd

Anette Traa, leiar, Hans Stav, nestleiar, Marita Solheim, Kjetil Felde

## Vararepresentantar:

1. Arve Helle
2. Marit Mjøllem

## Kommunenes Sentralforbund – K5 – sitt fylkesmøte

Ordføraren  
 Vara: varaordføraren

## Administrasjonsutval

Politiske representantar i administrasjonsutvalet 2011–2015:  
 Anette Traa (AP), leiar  
 Arve Helle (AP)  
 Hege Vosseteig Brattelid (SP)  
 Marita Solheim (H)  
 Hogne Kvangarsnes (V)

## Vararepresentantar:

1. Nina Yndestad (AP)
2. Kjetil Felde (SP)
3. Odd Helge Aase (H)
4. Anita Nyland Skaar (SV)
5. Hans Stav (KRF)

## Arbeidsmiljøutval

Politisk valde representantar til arbeidsmiljøutvalet 2011–2015:  
 Sigrid Anette Traa (AP)  
 Jens Norvald Sagevik (SP)  
 Vararepresentantar

1. Hogne Kvangarsnes
2. Terje Møller

## Fast byggenemnd

Roald Standnes (AP), leiar  
 Leif Skår (H)  
 Kjartan Åsnes (SP)

Vara: Arild Yndestad (AP)

## Kontrollutval

Geir Tessem (AP)  
 Vara: Sissel Vagstad (AP)  
 Anny Mari Holm Solheim (H), nestleiar  
 Vara: Eivind Antonisen (H)  
 Magne Norddal (SP), leiar  
 Vara: Randi Engen (SP)

## Sekom-sekretariatet

Fjaler kommune sin representant til styret i Sekom-sekretariatet:  
 Magne Norddal (SP)  
 Vara: Anny Mari Holm Solheim (H)

## Kryss-revisjonen

Fjaler kommune sin representant  
 Geir Tessem (AP)  
 Vara: Johnny Haugsbakk (V)

## Overformyndriet

Roald Furset, leiar – til 31.12.15  
 Nina Aas, ikkje på val

## Vararepresentantar

1. Norodd Lammetun – til 31.12.13
2. Elfrid Solheim – til 31.12.13

## Råd for funksjonshemma

Politisk vald representant til rådet 2011–2015:  
 Leonie Merts-Koning (V)  
 Vara: Frank Igelkjøn (V)

## Eldrerådet

Politisk vald representant til rådet 2011–2015:  
 Magnus Løvik (AP)  
 vara: Hans Stav (KRF)  
 Klagenemnd eigedomsskatt

Annbjørg Eikenes (SV), leiar  
 Vara: Erling Hjelle (SV)  
 Jan Ulltang (SP), nestleiar  
 Vara: Kjartan Åsnes (SP)  
 Leiv Arne Nistad (KRF)  
 Vara: Hogne Kvangarsnes (V)  
 Svein Arne Ness (AP)  
 Vara: Kjetil Fristad (AP)  
 Sigrid Anette Traa (AP)  
 Vara: Mette Kvamme (AP)  
 Marita Solheim (H)  
 Vara: Bente Liabø Thorsen (H)

## Sakkunnig takstnemnd eigedomsskatt

Roald Standnes (AP), leiar  
 Vara: Nina Yndestad (AP)  
 Hugo Fretland (SP), nestleiar  
 Vara: Ivar Selvåg (SP)  
 Kåre Eimind (H)  
 Vara: Odd Helge Aase (H)

Samarbeidsutval ved skular og barnehagar  
 Politisk valde representantar til samarbeidsutvala ved skulane og barnehagane:

Dingemoen skule:  
 Monica Ulltang (SP)  
 Vara: Hans Stav (KRF)

Flekk skule og barnehage:  
 Ove Joar Solheim (SP)  
 Vara: Hogne Kvangarsnes (V)

Guddal skule og barnehage:  
 Nina Yndestad (AP)  
 Vara: Sverre Benjamin Gallefoss (H)

Fjaler ungdomsskule:  
 Roald Standnes (AP)  
 Vara: Leif Arne Nistad (KRF)

Hellevik Barnehage:  
 Laila Svorstøl (V)  
 Vara: Kåre Eimind (H)

Våge skule:  
 Ida Ravnøy (SP)  
 Vara: Anette Traa (AP)  
 Yksnebjør barnehage:

Ainor Fristad Naustdal (AP)  
Vara: Marita Solheim (H)

*Skulefokus Fjaler*

Arve Helle (AP)  
Hege Vosseteig Brattelid (SP)  
Marita Solheim (H)  
Vara: Hogne Kvangarsnes (V)

*Styret for PPT*

Fjaler kommune sin representant til styret for PPT 2011–2015:  
Skulefagleg ansvarleg

*Dingemoen idrettspark*

Fjaler kommune sine representantar i styret for Dingemoen idrettspark 2011–2015:  
Anita Nyland Skaar (SV)  
Frank Vik (SP)

Vara:

1. Mette Kvamme (AP)
2. Eivind Antonisen (H)

*Fjaler næringsutvikling*

Fjaler kommune sine representantar til styret for Fjaler Næringsutvikling 2011–2015:  
Arve Helle (AP)  
Vara: Annbjørg Eikenes (SV)  
Odd Helge Aase (H)  
Vara: Jan Ulltang (SP)

*Helseopplysningsnemnd*

Fjaler kommune sin representant i helseopplysningsnemnda 2011–2015:  
Nina Yndestad (AP)

*Kultur- og næringspris, nemnd*

Gudmund Solheim (V), leiar  
Terje Møller (AP)  
Eva Kyrkjebø

*Futt i Fjaler, nemnd*

Fjaler kommune sin representant i Futt i Fjaler-nemnda 2011–2015:  
Jenny Kjøsnæs

*Kyrkjeleg fellesråd*

Fjaler kommune sin representant til Kyrkjeleg fellesråd 2011–2015:  
Hans Stav (KRF)

Vara: Marit Mjellem (V)

*Styret for Stiftinga Jensbua*

Fjaler kommune sin representant til styret for Stiftinga Jensbua 2011–2015:  
Dagleg leiar FNU

*Styret for Lillingstonheimen*

Fjaler kommune sine representantar i styret for Lillingstonheimen 2011–2015:  
Erling Hjelle (SV)  
Eivind Antonisen (H)

Vara: Jens Norvald Sagevik (SP)

*Styret for Frivilligsentralen*

Fjaler kommune sine representantar i styret for Frivilligsentralen 2011–2015:  
Arne Osland (V)  
Målfrid Skaar (SV)  
Ein representant oppnemnd av rådmannen.

Vara:

1. Sigrid Kleppe (KRF)
2. Ivar Selvåg (SP)

*Styret for Tusenårsstaden*

Fjaler kommune sin representant i styret for Tusenårsstaden 2011 – 2015:  
Harald Vik (AP)  
Vara: Jan Ulltang (SP)

*Astrid Buttedals minnefond, nemnd*

Fjaler kommune sin representant til Astrid Buttedals minnefond – nemnd 2011–2015:  
Arild Yndestad (AP)

*Ruspolitisk handlingsplan, nemnd*

Kommunestyret vel ei styringsgruppe på tre personar til å førebu saka for kommunestyret. Rådmannen nemner opp sekretær for styringsgruppa.

Styringsgruppa avgjer sjølve korleis dei vil samarbeide med dei fagpersonar og interessegrupper som er aktuelle.

Gruppa skal levere si innstilling til 1. april 2012.  
Som styringsgruppe er valde:

Leiar: Katrine Vesterås (AP)  
Medlem: Chris Hamper (SV)  
Medlem: Hugo Fretland (SP)  
1. vara: Bente Liabø Thorsen (H)

*Transplant Eigedom A/S, styret*

Fjaler kommune sine representantar til styret for Transplant Eigedom A/S:  
Yngve Åsnes (V)  
Vara: Cato Ness (SP)

*Tilflyttings- og innkvarteringsnemnd*

Ruth Strand  
Vara: Anne Gunn Boge  
Anne Britt Myklebust  
Vara: Ove Sunde  
Sollaug Rennestraum  
Vara: Finn Atle Leirpoll  
Oddleif Yndestad  
Vara: Aslaug Boge  
Magnus Hopland  
Vara: Reidun Eiken  
Ove Jan Skaar  
Vara: Reidun Enstad

*Heimevernsnemnd*

Fjaler kommune sine representantar til heimevernsnemnd 2011–2015:  
Mette Kvamme (AP)  
Jostein Bakkebø

*Styret for Sunnfjord Museum*

Fjaler kommune sin representant til styret for Sunnfjord Museum:  
Anne Erstad (V)  
Vara: Bente Liabø Thorsen (H)

*Sunnfjord miljøverk IK5 – styre, representantskap og klageutval*

Fjaler kommune sin kandidat til styret i SUM april 2012 – april 2016:  
Stig Moltumyr (KRF)  
Vara: Hogne Kvangarsnes (V)

Fjaler kommune sine representantar i representantskapen i SUM april 2012 – april 2016:

Kjetil Fristad (AP)  
Ida Ravnøy (SP)

1. vara: 1. Kåre Eimind (H)  
2. vara: Anita Nyland Skaar (SV)  
Fjaler kommune sin representant i

klageutvalet i SUM 2011–2015:  
Kåre Eimind (H)

Vara: Joy Taylor (KRF)

*Representantskapet i SYS IKL  
(interkommunalt legesamarbeid)*

Fjaler kommune sin representant til styret i SYS-IKL 2011–2015:  
Marita Solheim (H)

Vara: Nina Yndestad (AP)

*Konfliktrådet i Sogn og Fjordane,  
oppnemningsutvalet*

Fjaler kommune sin representant i oppnemningsutvalet 2011 – 2015:  
Rådgevar personal

*Vassregionutvalet*

Fjaler kommune sin representant i Vassregionutvalet 2011 – 2015:  
Jan Ulltang (SP)

Vara: Nina Yndestad (AP)

*Plannemnda for Miklagard (Haugland)*

Fjaler kommune sin representant til plannemnda for Miklagard 2011–2015:  
Arve Helle (AP)

*Hagehola burettslag, styret*



Transplant.

Fjaler kommune sin representant til styret i Hagehola burettslag 25.05.12–25.05.14:  
Edvin Bøthun

*Alarmsentralen - Representantskapen*

Fjaler kommune sin representant til Alarmsentralen, representantskapen 2011–2015:  
Edvin Bøthun  
Vara: Øivind Helle

*Sparebankstiftinga Fjaler*

Fjaler kommune sine representantar i generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Fjaler 2011–2015:  
Terje Halsnes  
Ole Jakob Nedrebø  
Harald Vik  
Leikny Dale  
Jonn Helle  
Marita Solheim  
Hallvard Haaland  
Ørjar Eiken

Vara:

1. Kartrine Vesterås
2. Annbjørg Eikenes
3. Anny Mari Holm Solheim
4. Gunn Aase Løseth

*Sunnfjord Energi as, generalforsamling*

Fjaler kommune sin utsending til generalforsamling i Sunnfjord Energi as 2011–2015:  
Ordføraren  
Vara: varaordføraren

*Firda Billag A/S, bedriftsforsamlinga*

Fjaler kommune sin medlem i bedriftsforsamlinga i Firda Billag A/S 2011–2015:  
Ordføraren  
Vara: varaordføraren

*Hamnerådet for ytre Sogn og Sunnfjord*

Fjaler kommune sin representant i rådet  
Gudmund Solheim (V)

Vara: Nina Yndestad (AP)

## KLIPPE, KLIPPE...

*KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT,  
FRILUFTSLIV, FYSISK AKTIVITET OG  
FOLKEHELSE*

Planen er rullert og kommunestyret har vedteke handlingsplan. Sjå kommunestyresak 68/11 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no) eller kontakt sørviskontoret om du vil lese meir.



Dale kyrkje.

Foto: Harald Jarstad.

*GRAVPLASS I DALE – LOKALISERING*

Då kommunestyret handsama sak om lokalisering av ny gravplass i Dale, hadde nemnda gjort framlegg om Vollen som lokalitet. Etter framlegg frå Venstre og Kristeleg folkeparti bad kommunestyret nemnda arbeide vidare med to alternativ – Øyra og Vollen. Kommunestyret ønskte å få kostnader på dei ulike alternativa og få fram meir fakta om visualisering og grunnforhold.

Vil du lese meir? Sjå kommunestyresak 69/11 på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no) eller kontakt sørviskontoret.

*GOBTGJERSLE TIL FOLKEVALDE  
OG POLITISKE PARTI*

Kommunestyret har vedteke nytt reglement for godtgjersle til folkevalde med verknad frå 01.10.11.



## Drifts- og vedlikehaldssentralen

Drifts- og vedlikehaldssentralen har base i Trolleskaret ved brannstasjonen, men har heile kommunen som arbeidsområde.

Det er til saman 6 stillingar knytt til sentralen. Tidlegare var dei tilsette knytt til faste bygg og var ofte rekna som vaktmeisterar på bygget. No er dei fleste «allrounderar» som jobbar der det er behov. Slik får ein også spreidd kompetansen og dei får jobba meir med sine spesialområde.

Dei tilsette er Atle Helge Strand (arbeidsleiar), Svein Arne Ness, Ivar Selvåg, Ole Helge Strand (jobbar mest som feiar), Svein Bortheim og Åge Stenseth.



Gjengen er samla: frå venstre Svein Arne Ness, Ole Helge Strand, Åge Stenseth, Atle Helge Strand, Svein Bortheim og Ivar Selvåg.

Dei største arbeidsoppgåvene er:

- Vedlikehald kommunale vegar
- Vassforsyning/ vassprøvetaking
- Vedlikehald kommunale bygg - samla 26 000 m<sup>2</sup>

- Kommunale vatn-/avløpssystem (tilsyn pumpestasjonane)

**Ved akutte problem**

**- kontakt teknisk vakt: 95 18 35 15.**

Brøyting er lagt ut til private, men kommunen har oppfølgingsansvar.



Foto: SUM IKS

## Ny gjenvinningsstasjon i Kjørlevika, Flekke

Noverande gjenvinningsstasjon i Trolleskaret i Dale vart frå 25. september flytta til Kjørlevika/Solheimskrysset, ca. 1 km frå Flekke sentrum i retning Hyllestad.

Allereie i sommar vart det ei endring av drifta. Det er ikkje lenger kommunen som driv stasjonen, men SUM har teke over drifta sjølv.

Kvar tysdag mellom 12.00 og 18.00 kan avfall frå husstandar og fritidsbustader leverast gratis. Unntaket er bygningsavfall.

Verksemnder som ikkje er medlem i SUM må betale for avfallet sitt.

**Meir informasjon på [www.sum.sf.no](http://www.sum.sf.no)**

## Det snør, det snør ...

- men nokon må rydde den vekk.  
Kan nokon hjelpe til med det?

Vevang Produksjon AS er ei vekstbedrift. Vi held høgt verdidiar om at vi skal vere audmjuke ovanfor kvarandre og på same tid vere modige og involverande. Vi set oss mål, og vi når dei. Vi er stolte av oss sjølve, kvarandre og av arbeidsplassen vår.

Sidan arbeidsglede står i fokus, er vår primære oppgåve å tilrettelegge for at menneske får meiningsfulle arbeidsoppgåver. I vinter vil vi slå «to fluger i ein smekk» ved både å tilrettelegge for arbeidsoppgåver innan snømåking, og tilby tenesta til innbyggjarane i kommunesenteret i vekedagane kl. 09.00-15.00.

**Dersom DU ynskjer å leige hjelp til snøryddinga i vinter, tek du kontakt med Vevang Produksjon tlf. 57 73 99 13**

Du kan sjå innom butikken vår på Vevang i Dale eller vitje oss på nettsida [www.vevangproduksjon.no](http://www.vevangproduksjon.no) for meir informasjon.



Sommar 2011 og arbeidsiver.

## God sikt gjer trafikken trygg!


*Gjer eit frisikt-tiltak på eigedomen din og betre sikkerheita for unge, gamle, kjende og kjære!*

Fjaler kommune ynskjer at innbyggjarane sjølve tenkjer på trafikksikkerheit ved plassering av buskar/hekkar og annan vegetasjon langs offentleg veg.

For vegvedlikehald treng kommunen 1,5 meter frå vegkant til veggroft og snølager.

Då mange meiner hausten er rett tid å klippe hekk og prydbuskar, er det tid for å tenkje både på egne og naboens siktbehov i samband med avkøyrslar.

### Frisikt i avkøyrslar:




Vegetasjon i frisiktsoner tillet ein ikkje høgare enn 0,9m over køyrebanelivå. Ein kan tillate enkeltståande oppstamma tre (stammehøgde > 2,5m).

Vegar med ein årleg døgntrafikk frå 0-5000/døgn:  
30 km/t: L1=40m  
50 km/t: L1=55m 60 km/t: L1=70m  
70 km/t: L1=90m 80 km/t: L1=115m

**Dvs:** Ved 50 km/t på hovudvegen blir siktkrav i avkøyrslar 55m til kvar side frå midten av avkøyrslar. Ein målar 55m frå midten av avkøyrslar til kvar side og alltid minst 4m inn frå køyrebanelivå.

### Buskar, tre og hekkar mot hovudveg og gang- og sykkelveg:



**Vegetasjonsbehandling mot veg og fortau:**

For å ta omsyn til sidesikkerheita og god framkomst tillet ein ikkje at vegetasjonen veks ut over køyrebane og fortau.

# Mot jul, romjul og nytt år...

26.11. Open dag på Vevang  
10:00–14:00

*Vevang produksjon:* Mange fine julegaver i tre og tekstil. Lys, vedsekkar og tennbrikettar. Gjesteutstillarar: Matglede, Botnatunet, Noss gard, Reidun Porten, Venke Nordeide, Kari Jensen m. fl. Dale musikkorps spelar!

*Vevang Dagsenter:* Lilla honninglys, nissar, englar, kort, uro, tennbrikettar og ymse juleartiklar. I kantina på dagsenteret: Kaffi og heimelaga kaker. Velkomen til ein triveleg handel, eller for å sjå korleis me har det!  
Arr.: Oss på Vevang

«The Land That Is Not»

- Edith Södergran og Olav H. Hauge  
Konsert med Sinikka Langeland/  
vokal, kantele, Trygve Seim/saksofon,  
Bjørn Kjellemyr/bass, Markku  
Ounaskari/trommer

26.11. Guddal kyrkje 16:00

Arr.: Sinikka Langeland i samarbeid med Fjaler sokneråd



27.11. Løa, Jakob Sande-tunet  
i Dale 16:00

Arr.: Jakob Sande-selskapet.  
*Les meir på jakobsande.no*



Foto: Harald Jarstad

27.11. Julemesse på  
Fjaler sjukeheim 14:00

Støttelaget inviterer til tradisjonell julemesse 1. søndag i advent. Sal av fine julegaver, kaffi og kaker. Åresal, loddsal og utlodding. Nytt høvet til å besøke slekt og vener! Velkommen til ei triveleg julemesse! Arr.: Støttelaget for sjukeheimen

27.11. Adventsbasar og  
julegrantenning på Våge 15:00

Åresal, sal av kaffi / brus og kaker. Fure og Våge songlag deltek. Tenning av grana. Nissebesøk. Velkommen til ei koseleg stund i grendahuset!  
Arr.: Våge kvinne- og familielag

27.11. Tenning av julegrana i Dale 18:00

Frå kl 17:30 Dale musikkorps spelar, allsong, 5. årssteg frå Dingemoen skule har program, førjulsappell ved Ungdommens kommunestyre, 9. årssteg ved Fjaler ungdomsskule sel sveler/varm drikke/julekaker og julenissane er ventande... Arr.: Butikknemnda i Dale/Frivilligsentralen

27.11. Lysmesse Dale kyrkje 19:00

1. søndag i advent. Dale barnekor, 4. årssteg frå Dingemoen skule og konfirmantane deltek. Arr.: Fjaler sokneråd



Foto: Roger Ellingsen

01.12. Julegrantenning  
på Hellevik 18:00–20:00

Det vert tenning av julegran, gang rundt juletreet, open butikk med enkel servering av kakao, gløgg, kaffi/te og litt å bite i. Og så lyt tida vise om nissen kjem? Alle er hjarteleg velkomne! Arr.: Joker Hellevik og Hellevik grendelag

03.12. Tenning av  
julegrana i Flekke 15:00

Musikkorpsset spelar.  
Arr.: Flekke grendelag

04.12. Lysmesse  
i Guddal kyrkje 16:00

2. søndag i advent. Med familiekoret, konfirmantane og skuleborn. Kyrkjeskyss. Arr.: Fjaler sokneråd

04.12. Julekonsert på Dale kro 17:00

Kom i julestemning med Dekor! Dirigent Andreea Terescenco losar dei gjennom eit spennande repertoar under akkompagnement av Costel Laptas. Fjordklang frå Hyllestad er gjester. Dei syng både åleine og saman med Dekor.  
Arr.: Songkoret Dekor

04.12. Lysmesse i  
Hellevik bedehusapell 19:00

2. søndag i advent. Med Do Re Mi og konfirmantane. Arr.: Fjaler sokneråd

Returadresse: Fjaler kommune, pb 54, 6961 Dale i Sunnfjord

**04.12. Xmas Carol Singing på UWC 19:00**

Julesong og café med levande lys. Allsong med julesongar frå heile verda. Strykekvartett under leining av Kåre Sandvik. Born, unge, eldre – alle kan vere med på dette!

*On December 4, UWC/SAFUGE will offer its Xmas carol singing by candlelight café that we would like to open to all the community. We sing carols from different parts of the world in various languages with a string quartet. Arr.: Safuge/UWC*

**11.12. Julekonsert i**

**Folkestad bedehuskapell 19:00**

3. søndag i advent. Do Re Mi, Fure og Våge songlag, Lagopus og Dalsfjorden spelemannslag m.fl. deltek. Arr.: Fjaler sokneråd

**16.12. Julemøte med**

**julemiddag på Våge 16:00**

Allsongprogram og dikt ved Torodd Fagerheim, Erling og Hans-Christian Nitter i grendehuset. Julemiddag og dans. Ope for alle.

Arr.: Fjaler pensjonistlag med støtte frå «Den kulturelle spaserstokken»

**16.12. Konsert i Naustet**

**på Haugland 19:30**

Julesongar og religiøse folketonar frå Sunnfjord med folkemusikktrioen



«Pretiosa». Arr.: RK Rehabiliterings-senter, Haugland

**16.12. Førjuls-quiz på**

**Transplant 21:00**

Ta med deg vener og kjende til jule-quiz! Transplant har ope til 02:00.

Arr.: Transplant med fleire

**20.12. Julekonsert i Dale kyrkje 19:30**

Med Cantus, Dekor, Dalsfjorden spelemannslag, Dale musikkorps, Lagopus m.fl. Arr.: Fjaler sokneråd

**26.12. 2. juledagsfest**

**i Dale 22:00–02:30**

«Rett & Slett» frå Førde består av Anne Margrethe Grepstad og Ove Hovland som spelar variert dansemusikk.

Aldersgr.: 18 år. Velkommen til dansekveld på kroa! Arr.: Dale kro og motell

**27.12. 3. juledagsfest**

**på Grytøyra 22:00–02:00**

«Hunky Dory» spelar. Buss frå Dale 21:00 med retur etter festen.

Arr.: Framhug ungdomslag

**28.12. Julefest på Ljosheim 17:00**

Laurdagsklubben deltek med julespel.

Arr.: Laurdagsklubben/Fjaler sokneråd

**28.12. Juletreffest**

**i ungdomshuset, Flekke**

Ar.: Flekke ungdomslag

**29.12. Juletreffest på Straumsnes**

Tradisjonell familiefest på ettermiddagen. Arr.: Straumsnes ungdomslag

**28.12. Romjulsfest**

**på Dale kro 22:00–02:30**

«Sixpack» spelar. Aldersgrense: 18 år.

Velkomen til country-kveld på kroa!

Arr.: Dale kro og motell

**29.12. Fest på Fine Fruer,**

**Hellevik 21:00–02:00**

Med «Hunky Dory». Aldersgrense 20 år. Arr.: Fine Fruers Pub

**31.12. Nyttårsfest på**

**Dale kro 22:00–02:30**

Trubadur Bent Vadseth frå Øvre

Årdal spelar. Velkommen til siste

kvelden på kroa i år 2011! Aldersgr.:

18 år. Arr.: Dale kro og motell

**03.01.12 Juletreffest**

**på Ljosheim 18:00–20:00**

Tilrettelagd for utviklingshemma med servering og gang rundt juletreet. Arr.: Dale bygdekvinnelag

Sjå [www.fjaler.kommune.no/](http://www.fjaler.kommune.no/) Kva skjer?  
for oppdatert kalender

Gudstenester m.m. finn du i Kyrkjeblad for Fjaler og på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)